

Nye kjøken i barnehagen

28.09.2011

Verksemdsleiar Maria Elisabeth Kaldestad har no hatt møte med teknisk etat og svara på tilsynsrapporten for mtahandteringa i barnehagen. Ho opplysar at etaten skal teikna forslag til nytt kjøken på baa avdelingar.

Teikningane skal så sendast verksemda for vidare drøftingar og forslag. Kjøken for baa avdelingar skal vera på plass før desember. Ved innsettinga av dei nye kjøken skal handvask med flytande såpe og eingangshandkle på plass. Under tilsynet kom det krav om eit eige handvaskepunkt i kjøkenet.

Eit anna krav var om naudsynt vedlikehald på oppvaskmaskina, eventuelt byta dene ut. Her skal styraren i barnehagen sende oversikt med forslag til tiltak innan fristen, som også her er utgangen av november.

Av Ola Matti Mathisen